

Sluttstatus i forhold til målet om full barnehagedekning 2007

INNHOLD

1	Innleiing.....	1
1.1	Definisjonen av "full dekning".....	2
2	Sluttstatus	2
2.1	Slik er sluttstatus.....	3
2.2	Ventelistene ved årsskiftet	3
2.3	Årsaker til at målet ikkje er nådd.....	4
2.4	Når oppnår kommunane full dekning?	5

1 INNLEIING

Dette notatet summerer opp ei undersøking av sluttstatus i alle norske kommunar når det gjeld oppfylling av målet om full barnehagedekning i 2007. Undersøkinga er ei forlenging av prosjektet "Mot full dekning 2007", også kalla "Barnehagekartet", der kommunane har gjort ei friviljug registrering av ventelistene etter hovudopptaket våren 2007.

Ettersom registreringane i "Barnehagekartet" har vore friviljuge, har mange kommunar berre gjort sporadiske oppdateringer av ventelistene til kartet. Det har gjort at kartvisinga har blitt oppfatta som usikker og mindre påliteleg enn andre datakjelder om barnehagedekning.

Ved denne registreringa har alle kommunar blitt kontakta, og på førehand bede om å klargjere data om sluttstatus og ventelister som er kommunens offisielle. Kommunane har så blitt kontakta pr. telefon, og gjennom eit intervju stadfesta situasjonen pr. i dag, og pr. årsskiftet 2007/2008. Intervjua har funne stad i veke 48 og 49, 2007 (26. november – 7. desember).

Alle 431 kommunar er intervjua, i Oslo er dessutan bydelane kontakta enkeltvis, slik at sluttstatus er henta inn frå 445 einingar totalt.

Notatet er utarbeidd av Asplan Viak på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet.

1.1 Definisjonen av "full dekning"

Prosjektet undersøker sluttstatus berre i forhold til den måldefinisjonen som regjeringa har formulert, som inneber at alle som søker om barnehageplass innan fristen for hovudopptaket våren 2007, skal få tilbod om plass før årsskiftet 2007/2008.

Kommunar som har gjeve alle desse søkerane eit tilbod om plass innan årsskiftet, blir etter denne definisjonen sagt å ha "full dekning". Barn som har fått tilbod men har takka nei, blir normalt ikkje rekna med til ventelistene (det er kommunane som sjølv avgjer dette).

Dei fleste kommunar opererer med former for løpende opptak i perioden mellom to hovudopptak, slik at søknader som kjem inn etter fristen likevel blir behandla. Over halvparten av kommunane er no i den situasjonen at kapasiteten klart overstig den samla årlege søkjarmassen, slik at dei kan tildele plass relativt kort tid etter at søknad bli levert, uavhengig av fristar. Det betyr at hovudopptaket ikkje lenger har den funksjonen det opphavleg hadde i desse kommunane, og mange kommunar vurderer nok å gå bort frå denne måten å organisere barnehagesøkinga på.

Fleirtalet av kommunar brukar enno hovudopptaket som årleg milepæl, og dei fleste har søknadsfrist i perioden 1.mars – 15.april. Nokre få kommunar har frist før eller etter dette tidspennet.

Dei kommunane som alt har gått bort frå å bruke hovudopptak, bli bede om å betrakte 15.mai som "kuttdato", og altså telje opp ventelistene i forhold til denne datoен.

Så godt som alle kommunar har ventelister som har danna seg i perioden etter hovudopptaket, men ved denne registreringa er desse halde utanfor. Dei er i staden registrerte ved den årlege 20.september-registreringa, som utgjer grunnlaget for tildeling av skjønsmiddel til kommunane.

2 SLUTTSTATUS

Hovudspørsmåla til kommunane er:

- Har barna som søkte til hovudopptaket våren 2007 fått tilbod om plass i barnehage?
- Viss ikkje, vil dei ha fått eit tilbod innan årsskiftet 2007/2008?
- Kor mange vil stå att utan å ha fått eit tilbod, ved årsskiftet 2007/2008?

I nokre få tvilstilfelle har vi brukt følgjande avgrensing: dersom eit tilbod er/blir gjeve i løpet av desember 2007, og barnet får starte i barnehage første kvardag i januar 2008, reknar vi ikkje dette barnet med på ventelista ved årsskiftet.

I tillegg spør vi kommunane som ikkje har full dekning ved årsskiftet, om å gje ei vurdering av kva som er viktigaste årsakene til at dei ikkje kjem i mål, og om når dei kjem til å nå full dekning.

2.1 Slik er sluttstatus

Sluttstatus?	N
JA	375
KJEM FØR NYTTÅR	14
NEI	42

Det er altså 42 kommunar som ved årsskiftet ikkje vil ha gjeve eit tilbod til alle søkerar frå hovudopptaket. 14 kommunar har enno nokre barn på ventelister, men dei planlegg å ta i bruk nye avdelingar, faste plassar i mellombels lokale, nye familiebarnehagar etc. før 1.januar, og vurderer det derfor slik at dei vil vere i mål ved årsskiftet. Til saman vil derfor 389 av 431 kommunar ha nådd målsettinga slik den er formulert av regjeringa (dette er 90 % av kommunane).

2.2 Ventelistene ved årsskiftet

Total er det i dei 42 kommunane 3916 barn som ikkje har fått tilbod om plass ved årsskiftet, fordelt med 3092 barn under 3 år, 824 barn 3 år og eldre.

Det er forventa at ca 248.000 barn vil ha plass i barnehage ved årsskiftet 2007/2008. Desse 3916 barna utgjer derfor om lag 1,6 % av alle barn med barnehageplass.

Det er stor spreiing i ventelistelengdene: nokre få, i hovudsak større kommunar har over 250 barn igjen å skaffe plass til, og desse utgjer over 3/4 av samla venteliste:

krn	kommunenavn	Venteliste
1201	Bergen	1270
0301	Oslo	896
0219	Bærum	293
1102	Sandnes	292
1504	Ålesund	254

Til saman har dei 5 kommunane med lengst venteliste 3005 barn til rest, det er omrent 77 % av samla venteliste.

På den andre enden av skalaen er det heile 25 kommunar som har ventelister som er kortare enn 20 barn (som "omrent" tilsvarer ein enkelt barnehageavdeling). Desse 25 kommunane har samla venteliste på 217 barn, (berre 9 barn pr. kommune), eller knapt 6 % av samla venteliste. Som det går fram av lista under: 10 av desse kommunane ville i prinsippet klart seg med ein enkelt familiebarnehage ekstra for å kunne passere målstrekken. Men når vi kjem til praktisk handtering av ventelister og utbygging, vil vi i hovudsak sjå at slike "forenkla" løysingar ikkje lar seg bruke, og at det som regel er fleire grunnar til at kommunar med

tilsynelatande kort veg att til mål likevel må gje opp forsøket. Sjå meir om dette i neste kapittel.

knr	kommunenavn	Venteliste
0215	Frogner	20
1235	Voss	20
1805	Narvik	18
1224	Kvinnherad	18
1804	Bodø	16
0216	Nesodden	16
1719	Levanger	15
0228	Rælingen	13
1653	Melhus	11
0214	Ås	10
1101	Eigersund	8
0417	Stange	7
1520	Ørsta	7
1242	Samnanger	7
0104	Moss	6
1834	Lurøy	5
0136	Rygge	4
1259	Øygarden	3
0428	Trysil	3
0620	Hol	3
1251	Vaksdal	2
1431	Jølster	2
1416	Høyanger	1
1439	Vågsøy	1
1942	Nordreisa	1

2.3 Årsaker til at målet ikkje er nådd

Årsakene som kommunane nemner fell i hovudsak i slike kategoriar:

- Demografiske årsaker (større tilflytting enn rekna med, fleire barn i aktuelle aldersgrupper)
- Lokalgeografiske årsaker (vanskeleg geografi – med store interne avstandar, eller ujamn geografisk fordeling av tilbod og etterspurnad – kommunen kan i sum ha kapasitet nok, men likevel ubalanse innanfor den enkelte skolekrins eller kommunedel)

- Uventa stor søkering (fordi fleire ønskjer tilbod enn før, på grunn av endring i opptaksreglar, eller ønske om overgang frå deltids- til heildagsplassar)
- Forseinka utbyggingsprosjekt

Det gjennomgåande inntrykket er slik:

- Lista over kommunar som har svært kort veg igjen til mål (få ventelistepllassar), er dominert av små kommunar i utkantar. I mange av desse er det lokale geografiske årsaker til at dei ikkje har klart å gje tilbod til alle: ("vi har samla kapasitet nok til alle barn i kommunen, men på grunn av lange avstandar finst det grender der det gjenstår eitt eller to barn som vi ikkje klarer å skaffe plass til lokalt"). Også i større kommunar kan det vere eit reelt problem at folk oftare enn før forventar eit tilbod i nærmiljøet ("tøffelavstand"), mens ein ikkje alltid klarer å la barnehageutbygginga halde følgje med lokal bustadbygging.
- Kommunar med forholdsvis lange ventelister oppgjev ofte at dei slit med større folketalsvekst og innflytting enn dei har hatt planar/prognosar for. Særleg gjeld dette kommunar i sentrale pressområde, altså så godt som alle på lista over dei 5 kommunane med lengst ventelister. Som tilleggsårsak blir både uventa stor søkering, og forseinka utbyggingsprosjekt nemnt.
- I kommunar med middels lange ventelister er "forseinka utbyggingsprosjekt" ein relativt hyppig årsak, saman med "uventa sterk folketalsvekst".

I alt 9 av dei 42 kommunane som ikkje oppnår full dekning i år, har opplevd at planlagde utbyggingar av nye plassar har blitt forsinka i plan- eller byggeprosessen. Særleg i pressområde er det manglande kapasitet i byggjenæringa, som gjer at prosjekt fort kan bli 3-6 månader forsinka. ("vi får ikkje ein gong tilbod frå entreprenørar når vi lyser ut eit barnehagebygg").

I 8 kommunar blir det oppgjeve at dei har skeiv geografisk fordeling av tilbod og etterspurnad. 7 av desse er blant dei 25 som har kortast venteliste. Truleg ville fleirtalet av desse kommunane kunne fortelje at total plasskapasitet i kommunen er større enn total søkering, men at overkapasiteten ikkje er i same del av kommunen som der ventelistene er. Det er ikkje nødvendigvis slik at det er kostnaden ved ei marginal utbygging som er utfordringa for desse kommunane, men like gjerne tilgangen på kompetent personale (som dertil kan tenkje seg deltidsarbeid med små stillingsbrøkar).

Nokre få kommunar har fått uventa stor søkering, og meiner dette kan ha samanheng med at opptaksriteria har vorte endra i det siste. Kommunen har gått over til å la ansienniteten (kor lenge barnet har stått på søkerlistene) telje med ved opptaket, og dermed løyser dei ut ein del søkerar som legg inn ein søknad "for å vere på den sikre sida" og opparbeide seg ansiennitet, sjølv om dei ikkje nødvendigvis har i sinne å ta imot plass ved første tildeling.

2.4 Når oppnår kommunane full dekning?

Kommunar som ikkje er i mål ved årsskiftet er spurt om når dei (etter beste skjønn) forventar å ha full barnehagedekning. 28 av dei 42 kommunane har svart på spørsmålet direkte. Dei

14 siste var ikkje sikre, bl.a. fordi dei no opplevde sterkare vekst i barnehagesøkninga enn dei tidlegare hadde planlagt for. For desse 14 kommunane har vi i staden lagt inn svaret på tilsvarande spørsmål frå 20.september-registreringa i haust.

Ettersom Oslo-bydelane her opererer med noko varierande tidshorisont for full dekning, har vi for dette spørsmålet valt å presentere ei fordeling der bydelsnivået er utgangspunktet. Talet på kommunar (og bydelar) som ikkje er i mål ved årsskiftet 2007/2008 er difor 56.

Når full dekning?	N	Barn på venteliste
2007	2	42
2008	15	993
vår 2008	17	1744
haust 2008	18	866
2009	4	271

Dei 2 kommunane som oppgjев "2007" i denne tabellen, er kommunar som i september meinte dei ville vere i stand til å nå målet, men som no innser at dei ikkje kjem på plass heilt enno. Dei har likevel valt å ikkje estimere nokon ny tidshorisont.

15 kommunar har ikkje vore spesifikke på når i 2008 dei trur at full dekning blir nådd, medan 35 kommunar har tidfesta dette til våren eller hausten. Nokre kommunar har gjeve meir detaljerte estimat, men desse har blitt "konvertert" til nærmeste halvår.

4 kommunar (3 av dei bydelar i Oslo) oppgjev at dei truleg ikkje vil komme i mål før i løpet av 2009. Dei øvrige 50 kommunane/bydelane meiner at dei vil klare det i 2008.

Tabellen gir elles det inntrykket at det er god fart i utbygginga også hos dei kommunane som ikkje når heilt i mål i denne omgangen. Dei som tar mål av seg til å klare det i løpet av våren 2008, utgjer alleine 44 % av dagens venteliste.

VEDLEGG:

Alle kommunar som har venteliste (med barn som søkte hovudopptaket våren 2007), ved årsskiftet 2007/2008. Når ventar dei full dekning?

Knr	Kommune	Venteliste	Når full dekning?
1201	Bergen	1270	vår 2008
0301	Oslo (*)	896	2008-2009
0219	Bærum	293	haust 2008
1102	Sandnes	292	vår 2008
1504	Ålesund	254	2008
0231	Skedsmo	122	haust 2008
0101	Halden	110	haust 2008
0625	Nedre Eiker	99	2008
1149	Karmøy	82	2008
0904	Grimstad	64	haust 2008
1018	Søgne	53	2008
0227	Fet	36	vår 2008
1263	Lindås	28	vår 2008
1243	Os	27	vår 2008
1247	Askøy	26	2007
1432	Førde	25	haust 2008
1531	Sula	22	haust 2008
0215	Frogner	20	vår 2008
1235	Voss	20	2009
1805	Narvik	18	haust 2008
1224	Kvinnherad	18	vår 2008
1804	Bodø	16	2007
0216	Nesodden	16	haust 2008
1719	Levanger	15	haust 2008
0228	Rælingen	13	vår 2008
1653	Melhus	11	2008
0214	Ås	10	vår 2008
1101	Eigersund	8	haust 2008
0417	Stange	7	haust 2008
1520	Ørsta	7	vår 2008
1242	Samnanger	7	haust 2008
0104	Moss	6	vår 2008
1834	Lurøy	5	vår 2008
0136	Rygge	4	vår 2008
1259	Øygarden	3	vår 2008
0428	Trysil	3	haust 2008
0620	Hol	3	vår 2008
1251	Vaksdal	2	haust 2008
1431	Jølster	2	2008
1416	Høyanger	1	haust 2008
1439	Vågsøy	1	vår 2008
1942	Nordreisa	1	vår 2008

(*) I Oslo varierer tidsestimatet frå bydel til bydel, frå Alna som heilt fram til desember trudde dei ville kome i mål før årsskiftet, til Gamle Oslo, Nordstrand og St.Hanshaugen som oppgjev 2009.